



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 18.10.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 183/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 184/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 142/16	Renovasjonsordning for kommunale utleigebygg
PS 185/16	Midlertidige bustadar Engesetvegen 28, fjerning, reetablering og tilordning av tomt
PS 186/16	Gbr 30/402, 406 - oppføring av einebustad - Bøen 4 - dispensasjon frå plankrav
PS 187/16	Oppretting av fellesnemnd Hornindal-Volda
PS 188/16	Avtale om kjøp av grunn til friområde – Andaneset
PS 189/16	Utviding av arbeidsgruppe kultur- og kinosal - oppnemning av representantar
PS 190/16	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2016
PS 191/16	Orienteringssaker
OS 143/16	Årsbudsjett 2017
OS 144/16	Kutt av Globalskolen i framlegg til statsbudsjett
OS 145/16	HVO Mediebygg - Initieringsfase. Oppstartmøte brukar og kommunen
OS 146/16	Lånekassen sitt regionkontor i Ørsta - Utfyllande arbeidsmarknadsinformasjon - brev frå Sunnmøre regionråd til Kunnskapsdepartementet
OS 147/16	Svar på søknad om støtte til etablering av Volda Ørsta Brettspillklubb
OS 148/16	Varsel om oppstart av regional kraftsystemutredning for Møre og Romsdal



VOLDA KOMMUNE

OS 149/16	Rv15 og E6 kobler Vestlandet og Austlandet saman
OS 150/16	Einslege mindreårige flyktningar - informasjonsbrev til busetjingskommunane om redusert behov i 2016 og 2017
OS 151/16	Kulturminneloven §§ 9 og 10 og planlegging etter plan- og bygningsloven - ansvar for kostnader til arkeologiske undersøkelser - endring av praksis
OS 152/16	Menn i Helse
PS 192/16	Referatsaker
RS 1/16	Referat frå samarbeidsmøte med barnevernsleiar 30.09.16
RS 2/16	Høring - utkast til forskrift om unntak fra klagerett etter § 28 i forvaltningslova for vedtak i oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal

PS 183/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 184/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 142/16 Renovasjonsordning for kommunale utleigebygg



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kjell Magne Rindal

Arkivsak nr.: 2016/1422

Arkivkode:

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

185/16

Formannskapet
Kommunestyret

18.10.2016

MIDLERTIDIGE BUSTADAR ENGESETVEGEN 28, FJERNING, REETABLERING OG TILORDNING AV TOMT

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen.**
- 2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000. Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.**

Samandrag av saka:

Saka omhandlar flytting av mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) og re-etablering av desse bustadene på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen. Tiltaket vil dekkje behov for bustader til ulike målgrupper.

Saksopplysningar:

I 2013 vart det etablert midlertidige husvære i Engesetvegen 28 (tomt ved Gamle gymnas), etter vedtak i KS 25.10.2012, sak 133/12. Etter akutt behov ved avvikling av husværa VK leigde av helseføretaket. Helseføretaket melde at husværa var oppsagt med verknad frå 1. april 2013.

Kommunen v/eigedomsavdelinga søkte midlertidig dispensasjon for inntil 5 år for å plassere paviljong på tomt 18/22 og litt inn på 18/14. Området er regulert til småhusbygging. For å redusere omfang av bygget vart det redusert frå 6 til 4 bueiningar.

Volda kommune gav den 12.02.13, under sak nr. 23/13, mellombels dispensasjon i inntil 5 år for plassering av midlertidige husvære på gnr. 18 bnr. 22. Vedtaket vart påklaga, og den 04.07.13 stadfesta fylkesmannen kommunen sitt vedtak, med den endring at dispensasjon vart gitt for inntil 3 år.

Dispensasjonen gikk ut på førsommaren (2016). Det har vore arbeidd med alternative bustadtilbod til bebuarane. Alle bebuarar i paviljongen er flytta ut, slik at kommunen ikkje lenger har buande personar no etter at dispensasjonen er gått ut.

Kommunen har over tid arbeidd med løysingar knytt til sal/etterbruk av dei midlertidige bustadane. Slik bustadane står i dag, har dei større verdi med re-etablering i eit anna område der dei kan gjerast om til ordinære kommunale gjennomgangsbustadar. Eit eventuelt sal av desse bustadene vil gi ei lita inntekt i forhold til bruksverdien ved re-etablering. Husværa er av ein slik art at dei stettar eit bustadtilbod for midlertidige bustadar som kommunen ikkje har pr. i dag. Dette er mellomstore bustadar som til dømes passar einslig føresett med born. I dag har vi store familiehusvære eller hybelleilegheit å tilby desse. Kostnadsnivået for utleige vil også då bli betre tilpassa til den enkelte bugruppa.

Målgruppa for paviljongane som vart etablert som midlertidige bustader ved Mautua vil i hovudsak verte kvalifisert som bebuarar i dei nye vedtekne ROP bustadane (rus og psykiatri) som er planlagt bygt på Rotset. Bruken av paviljongane har medført at husværa må totalrenoverast innvendig. Eigedomsavdelinga sine egne folk har starta opp rivingsarbeidet innvendig. Dersom dette prosjektet vil bli vedteke vil dei også starte med oppattbygginga.

Paviljongane er tenkt plassert på egne tomt i tilknytning til Røyslida/Smalebakken, der kommunen har ledig tom til føremålet. Tømrarane i eigedomsavdelinga vil setje desse i stand tilpassa til mellomstore bustader som vi ikkje har i dag. Bustadane vil i første rekke bli brukt som erstatning for dei bustadane vi tenkjer renoverer i området inntil renovering/oppgradering er ferdig. Etter ferdigstilling vil dei gå inn i ordinær bustadmasse. I samband med renovering vil uttrykket til paviljongen endrast lik dei bygga som er i området, slik at bygget framstår som ein ordinær bustad.

Kostnader med reetablering av dei mellombelse bustadene

Arbeid med tilbakeføring av området i Engesetvegen 28, etablering av tomt/tilkomst i Røyslida og flytting/rigg av paviljong er kalkulert til Kr 1.750.000 ink.mva

Sanering innvendig i paviljong, samt oppbygging på nytt, inkludert søknad og prosjektoppfølgning er kostnadsrekna til Kr. 2.000.000 ink. mva

Samla gir dette ein investeringskostnad på Kr 3.750.000. Denne investeringa vil ved 3% rente og 30 år nedbetalingstid har ein kapitalkostnad (renter og avdrag) på om lag Kr 190.000 pr. år.

Bustadane blir etablert som standar kommunale gjennomgangsbustadar, men då i eit segment vi ikkje har i dag. Dette vil gi kommunen ei forsiktig antatt inntekt på om lag Kr. 250.000 pr. år.

Vidare planar

Eigedomsavdelinga vil forberede eit prosjekt der ein ynskjer å renovere heile Røyslida/Smalebakken. Dette er bustader frå tidleg 70-tal med behov for stor renovering. I Røyslida 11 A er dette gjennomført i samband med brannskade. Renovering av bustadane opnar opp moglegheiter for nytenkjande og arealeffektiv planløyising. Dette vil auke kapasiteten på husvære innanfor same tal bygningar. Kommunen vil i samband med prosjektet stette krav til levekår og inkludering der ein vil legge til rette for at personar med ulike fysiske og psykiske utfordringar kan busetjast i same miljø. Dette krev omgjerung av alt husvære og uteområde til universell utforming. I planane som blir presentert vil ein ta høgde for tryggleik og trivsel der ulike bugrupper skal kunne bu og trivast i same miljø. Det blir lagt fokus på sosiale møteplassar på eit oversiktlig område for vanskeligstilte som har rett på kommunalt husvære. Svært liten del av dei kommunale gjennomgangsbustadene til desse gruppene er tilrettelagt for dette i dag. Prosjektet vil såleis vere karakter av at kommunen satsar på folkehelseperspektivet i tråd med kommuneplanen. Administrasjonen vil komme attende med eiga sak til formannskapet og kommunestyret om dei vidare planane. Dette vert vidare vurdert i samband med budsjett og økonomiplan.

Bustadsosial handlingsplan er under revisjon og vert å leggje fram så snart som mogleg. Det er naturleg også å kople vidare utbyggingsplanar til bustadsosial handlingsplan.

Eigedomsavdelinga er også i gang med å vurdere om det er bustader som kan vere eigna for sal for å frigjere kapital til renovering av den bustadmassen kommunen skal ha framover.

Vurdering og konklusjon:

Paviljongane som vart etablert på Maurtua var av midlertidig karakter med dispensasjon frå fylkesmannen på 3 år. Kommunen har flytta ut alle bebuarar etter 3 års drift. I dispensasjonen var det krav til at bygget skal fjernast og tomt attendeførast. Administrasjonen har sett på alternativ med sal av paviljongen, men funne det mest gunstig å etablere bygget som ordinær kommunal bustad på ledig tomt i Smalebakken/Røyslidvegen-området. Vurderinga er basert på økonomi og formål. Paviljongane vil ha eit stort verditap ved sal på den opne marknaden, medan kommunen kan nytte dei og framleis behalde dei som bustader for å dekkje bustaformål til grupper som kommunen er ansvarleg å skaffe bustader til.

Attendeføring av tomt på Maurtua og flytting av paviljong til ledig tomt i Smalebakken/Røyslidvegen vurderer rådmannen som ei tenleg løysing der ein får nytta bustadane/paviljongane og samtidig dekkje eit behov for bustader.

Kommuneplanen:

Prosjektet er i tråd med kommuneplanen sitt område for folkehelse og vil vere ein del av prosjektet i området som bidreg til å nå målet «barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livsstilsjukdomar», der ein av strategiane er å sørgje for sunne og inkluderande oppvekstmiljø.

Kommunen viser også at sjølv med innvendig sanering kan vi gjere oss nytte av store delar av byggmasse framfor total sanering, der kommunen sitt mål for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv ikkje skal auke meir enn snittet for landet. Kommunen viser veg for alternativ måte å bruke oppatt materiale, der ein tilpassar bygget til byggeskikk i området for re etableringa.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen vil gjennomføre naudsynt krav knytt til dispensasjon midlertidige bustadar, der ein uansett har kostnad med gjennomføring, men vil kunne nytte restverdi i tidligare investering som med noko tilrettelegging kan gi grunnlag for ny inntekt.

Dette prosjektet har ei kostnadskalkyle på Kr 3.750.000. Prosjektet har eit forsiktig anslått leigepotensiale på om lag Kr 250.000 pr. år.

Leigeinntekta skal kunne forvalte ei investering på om lag Kr. 5.000.000, prosjektet vil såleis ikkje påvereke handlingsrommet til kommunen negativt.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen krav beredskapsmessige konsekvensar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Eigedomssjefen for vidare oppfølging
Økonomiavdelinga
Helse- og omsorgssjefen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/922

Arkivkode: 30/402

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

186/16

Formannskapet

18.10.2016

GBR 30/402, 406 - OPPFØRING AV EINEBUSTAD - BØEN 4 - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune har no starta revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Vidare utbygging og utvikling av infrastruktur for dette området bør avklarast gjennom denne prosessen, og eventuell etterfylgjande reguleringsplan før vidare utbygging.

Formannskapet finn såleis ikkje å kunne gje dispensasjon frå gjeldande plankrav for deling eller oppføring av bustad på del av gnr 30 bnr 406 og 402 slik søkt om.

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon frå plankrav

Situasjonsplan

Merknader frå naboar

Bergen Bolig - Kommentar til nabomerknader

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda sentrum

Søknad om rammeløyve

Saksopplysningar/fakta:

Bergen Bolig Drift AS har tidlegare fått løyve til oppføring av tomannsbustad på frådelt tomt på Rotset. Tomta har gbnr 30/24 og 30/406.

Dei to parsellane er kravd samanføya i samband med byggesøknad/løyve.

Seinare er det etter søknad gitt løyve til eit tillegg til tomta frå 30/2 Dette arealet har fått gbnr 30/402.

Søknaden no går ut på å dele frå del av gnr 406 og samanføye denne delen med 30/402.

Dette vil kunne gje ei ny bustadtomt, og det er også søkt rammeløyve for oppføring av einebustad her.

I søknaden heiter det elles:

" Det omsøkte tiltaket gjelder en enebolig på eiendommen gnr. 30, bnr. 402/406. Etter kommunedelplanen er arealet avsatt til «Bustadområde». Boligen vil benytte eksisterende avkjørsel og vil dermed ikke medføre nye avkjørsler til offentlig vei eller eksisterende privat vei. Den omsøkte boligen tilpasses eksisterende bebyggelse i estetikk og takfasong. Vi mener at tiltaket er av så liten betydning at det ikke bør kreves reguleringsplan slik som forutsatt i kommunedelplanen. Særlig vedlegges følgende momenter:

- ☐ Tiltaket er sikret tilkobling av vann og avløp. Videre er det sikret veirett.
- ☐ Tiltaket vil ikke medføre nevneverdig belastning av offentlig infrastruktur eller veinettet.
- ☐ Bergen Bolig AS er av den oppfatning at det vil medføre unødvendig ressursbruk å iverksette en planprosess for å bygge en enebolig.

Vi erkjenner at en planprosess er en grundigere prosess og vil kunne medføre en bredere vurdering av tiltaket. Vi mener likevel at omfanget av tiltaket sammen med de momentene som er nevnt over tilsier at det ikke er nødvendig med en planprosess i dette tilfellet. Vi antar at det ikke er tiltak som dette, kommunedelplanen har til hensikt å ramme.

En ber derfor om at kommunen innvilger dispensasjon fra plankravet som nevnt innledningsvis. I samsvar med pbl. § 19-1, 2. punkt varsles berørte naboer om denne søknaden."

Det ligg føre 3 merknader til søknaden frå naboar til området.

Eg går ikkje gjennom dei i detalj, men viser til at alle merknader peikar på behovet for samla planlegging for området gjennom kommuneplan og heilskapleg reguleringsplan før vidare utbygging. Kopi ligg ved saka

Søkjar er usamd i dette og meiner omsøkte tiltak ikkje vil gje vanskar for vidare planlegging eller utnytting av området. Jf søkjar sine kommentarar til nabomerknadane.

Helse og miljøkonsekvensar:

Vil best bli avklara gjennom aktuelle planprosessar.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen vesentlege for kommunal økonomi. at utbygging vert sett inn i ein skikkeleg planvurdering vil normalt også gje betre økonomi i prosjekta og sikre best samfunnsnytte.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege kjende. Vil best bli avklara gjennom aktuelle planprosessar.

Vurdering og konklusjon:

For området gjeld kommunedelplan for Volda sentrum, plan godkjent 30.06.2009.

Arealbruken i aktuelt område er bustadformål, men det er krav om reguleringsplan før utbygging.

I samband med byggesøknad i tilgrensande område, på gbnr 30/267, der eit eldre bustadhus vart søkt rive for oppføring av 4-mannsbustad, vart det nekta dispensasjon med vising til plankravet i kommuneplan, og at det er viktig å sjå arealbruken her i ein samla planvurdering før utbygging, ut frå omsyn til framtidig samla arealbruk i området, uavklara tilhøve knytt til framtidig infrastruktur m.v.

Situasjonen er ikkje vesentleg endra i høve til dette.

Kommunen har elles gjort vedtak om oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel. I denne prosessen vil naturleg nok også arealbruken i dette området bli tema.

Administrasjonen er klar på at slik vidare arealutnytting og bygging i området bør avklarast gjennom oppstarta planprosess for kommuneplanen sin arealdel og etterfylgjande detaljreguleringsplan (ev områdeplan) før vidare utbygging kan tillatast.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Bergen Bolig as
Tomteservice as
Inger Rotevatn
Toril og Gunnar Snipsøyr

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg B1

Bergen, 7.8.2016

Søknad om dispensasjon fra plankrav i kommunedelplan for Volda sentrum

I forbindelse med søknad om rammetillatelse av 3.6.16 om oppføring av enebolig søkes det med dette om dispensasjon fra kravet om utarbeidelse av reguleringsplan. Kravet om reguleringsplan følger av kommunedelplan for Volda Sentrum. Dispensasjon kan gis med hjemmel i plan- og bygningsloven § 19-1.

Det omsøkte tiltaket gjelder en enebolig på eiendommen gnr. 30, bnr. 402/406. Etter kommunedelplanen er arealet avsatt til «Bustadområde». Boligen vil benytte eksisterende avkjørsel og vil dermed ikke medføre nye avkjørsler til offentlig vei eller eksisterende privat vei. Den omsøkte boligen tilpasses eksisterende bebyggelse i estetikk og takfasong.


Vi mener at tiltaket er av så liten betydning at det ikke bør kreves reguleringsplan slik som forutsatt i kommunedelplanen. Særlig vedlegges følgende momenter:

- Tiltaket er sikret tilkobling av vann og avløp. Videre er det sikret veirett. Tiltaket vil ikke medføre nevneverdig belastning av offentlig infrastruktur eller veinettet.
- Bergen Bolig AS er av den oppfatning at det vil medføre unødvendig ressursbruk å iverksette en planprosess for å bygge en enebolig.


Vi erkjenner at en planprosess er en grundigere prosess og vil kunne medføre en bredere vurdering av tiltaket. Vi mener likevel at omfanget av tiltaket sammen med de momentene som er nevnt over tilsier at det ikke er nødvendig med en planprosess i dette tilfellet. Vi antar at det ikke er tiltak som dette, kommunedelplanen har til hensikt å ramme.

En ber derfor om at kommunen innvilger dispensasjon fra plankravet som nevnt innledningsvis. I samsvar med pbl. § 19-1, 2. punkt varsles berørte naboer om denne søknaden.


Bergen Bolig Drift As



Bjørn N. Barstad
Daglig leder



Bnr 19.04-16



**Volda Kommune
Teknisk Sektor
Rådhuset
6100 Volda.**

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/922	Ans. Utv
Løpnr.	Sns. Perhel
24 AUG 2016	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	30/402
Klassering S:	

Ørsta den. 24.08.2015.

Merknad til søknad om dispensasjon Bergen Bolig på 30/406-402.

Viser til søknad om dispensasjon datert 7.8.2016 der det vert søkt om å dispensere frå krav til å utforme reguleringsplan for tiltaket.

I samband med kommuneplanrullinga for dette området vert det på ny fremja forslag om omdisponering av areal på 30/2 frå LNF til bustad. For å kunne skaffe tilfredsstillande tilkomst til dei areal som då kan inngå i ein slik plan, er det viktig å kunne ha opne korridorar for trafikk til og frå Rotsetgeila og Myravegen. Vi ser at søknaden som no ligg føre kan kome i konflikt på eit av desse punkta og er kjend med at Bergen Bolig Drift AS også har sikra seg avtale for eit mindre areal (1,5 da) i sør vestre hjørnet av 30/2 .

Det er uheldig at ein og kanskje to av desse korridorane kan verte sperra for framtidige planar dersom det vert gjeve dispensasjon. Vi vil difor rå frå at det vert gjeve dispensasjon før arealbruken på Rotset er avklara gjennom kommuneplan og eventuell etterfylgjande detaljplan.

Etter det vi kjenner til, vil det være høve til å erstatte areal som seinare kan verte bandlagt til vegareal, med bustadareal i ein ny plan. På denne måten vil Bergen Bolig Drift AS ikkje vere skadelidande av å vente på ei slik avklaring.

For ordens skuld legg vi ved skisse som syner kva som er aktuelle tilførselsvegar som må nærare utgreiast gjennom ein overordna plan.

Med vennlig helsing.


Lauritz Holsvik

Kopi: Per Barstad og Arne Lothe.
Vedlegg: Skisse.

Tomteservice AS

Indrehovdeveien 64
6150 Ørsta

Telefon 70069050

Epost: lauritz.holsvik@norhusnorge.no

Mobil: 90506535

Webadresse: www.norhusnorge.no

Bankgiro: 3992.07.34352

Foretaksnr. 971579749

VEDLEGG TIL MEDKNAD 24.08.16

⊗ - OMSØKT TILTAK

30/2

Volda Kommune

Nabovarsel.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr	254/922
Løpnr	Utv Ingvik
24 AUG 2016	
Arkivnr	BY66
Klassering P	3C/402
Klassering S	

Viser til brev datert 7.8.2016 frå Bergen Bolig Drift AS.

I området som søknaden gjeld, skal det oppførast 26 nye bueiningar. Alle byggesakene er gjort mulig ved dispensasjon eller omregulering frå gjeldande reguleringsplan. Dette er ei vesentlig fortetting som vil forringe bumiljøet for dei som bur her. Fortettinga vil føre til større trafikk og meir støy. I området er det frå før einebustader med romslege tomter. (Med omsyn til estetikk så bryt dei nye bustadane med byggeskikken i høve til eksisterande byggmasse.)

Infrastrukturen er ikkje dimensjonert for vidare fortetting i dette området. Her er ikkje leikeplasser for born, vegane er smale og Rotsetgeila som tilførselveg er livsfarleg for born på skuleveg og mjuke trafikanter.

Gjeldande reguleringsplan er frå 1952. Det må utarbeidast ein ny reguleringsplan som også omfatter andre områder på Rotset. Med dei stadige dispensasjonane frå reguleringsplanen føler oppsitjarane seg utrygge på kva som vil skje i framtida. Ein ny reguleringsplan som er vedteken på demokratisk vis, vil gi oppsitjarane kjensle av at dei blir tekne omsyn til.

Ut frå grunngjevinga som er nemt ovanfor, kan ein (eg) ikkje akseptere at det blir gitt løyve til oppføring av nye bustader før ny (og heilheitlig) reguleringsplan ligg føre.

Inger H. Rotvold
30/258

Nabovarsel

Skal sendast til berørte naboar og gjenbuarar

Ved riving skal kreditorar med pengehefte i eigedomen varslast, pbl § 21-3

Nullstill



Til (nabo/gjenbuar)
Inger Rotevatn
Rotsetvegen 3, 6100 Volda

Som eigar/festar av:			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
30	258		
Eigedomen si adresse			
Rotsetvegen 3			

Tiltak på eigedomen:			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
30	402		
Eigedomen si adresse			
Bøen 4			
Postnr.	Poststad		
6100	Volda		
Kommune			
Volda			
Eigar/festar			
Bergen Bolig As			

Det blir med dette varsla om				
☒ Nybygg	☐ Anlegg	☐ Endring av fasade	☐ Riving	
☐ Påbygg/tilbygg	☐ Skilt/reklame	☐ Innhegning mot veg	☐ Bruksendring	
☐ Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg	☐ Antennesystem	☐ Oppretting/ending av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste	☐ Anna	
Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19				
☒ Plan- og bygningslova med forskrifter	☒ Kommunale vedtekter	☒ Arealplanar	☐ Veglova	Vedlegg nr. B - 1

Arealdisponering		
Set kryss for gjeldande plan		
☒ Arealdel av kommuneplan	☐ Reguleringsplan	☐ Utbyggingsplan
Namn på plan		
Kommunedelplan for Volda Sentrum		

Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld	
Det vises til tidligere nabovarsel, datert Bergen Bolig As 22/04-2016, vedr. bygging av enebolig på tomtene med bnr. 30 og gnr. 402 og 406. Området er i Kommunedelplan for Volda Sentrum avsatt som "Bustadområde". Det er for det aktuelle området i Kommunedelplanen plankrav. Bergen Bolig As søker Volda Kommune om dispensasjon fra gjeldende plankrav. Området har signerte rettigheter for vei, vann og avløp, opparbeidet avkjørsel til gnr. 30, bnr. 24 vil bli benyttet.	
Vedlegg nr. Q -	

Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til			
Føretak/tiltakshavar			
Bergen Bolig As			
Kontaktperson, namn	E-post	Telefon	Mobil
Bjørn N. Barstad	bjorn@bergen-bolig.no	55900275	93249416
Søknaden finst på heimeside: (ikkje obligatorisk)			

Merknader skal sendast til	
Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslat er sendt. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.	
Namn	Postadresse
Bergen Bolig As	Sandviksveien 110
Postnr.	Poststad
5034	Bergen
E-post	
bjorn@bergen-bolig.no	

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	1 - 1	☐
Situasjonsplan	D	1 - 1	☐
Teikningar snitt, fasade	E	---	☐
Andre vedlegg	Q	---	☐

Underskrift	
Stad	Dato
Bergen	08/08-2016
Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar	
Bjørn N. Barstad	
Gjenta med blokkbokstavar	
Bjørn N. Barstad	

Bergen Bolig Drift AS

Sandviksveien 110, 5035 bergen

Organisasjons nr. 990 379 203
Tlf. 55 90 02 75

Vedlegg B1

Bergen, 7.8.2016

Søknad om dispensasjon fra plankrav i kommunedelplan for Volda sentrum

I forbindelse med søknad om rammetillatelse av 3.6.16 om oppføring av enebolig søkes det med dette om dispensasjon fra kravet om utarbeidelse av reguleringsplan. Kravet om reguleringsplan følger av kommunedelplan for Volda Sentrum. Dispensasjon kan gis med hjemmel i plan- og bygningsloven § 19-1.

Det omsøkte tiltaket gjelder en enebolig på eiendommen gnr. 30, bnr. 402/406. Etter kommunedelplanen er arealet avsatt til «Bustadområde». Boligen vil benytte eksisterende avkjørsel og vil dermed ikke medføre nye avkjørsler til offentlig vei eller eksisterende privat vei. Den omsøkte boligen tilpasses eksisterende bebyggelse i estetikk og takfasong.


Vi mener at tiltaket er av så liten betydning at det ikke bør kreves reguleringsplan slik som forutsatt i kommunedelplanen. Særlig vedlegges følgende momenter:

- Tiltaket er sikret tilkobling av vann og avløp. Videre er det sikret veirett. Tiltaket vil ikke medføre nevneverdig belastning av offentlig infrastruktur eller veinettet.
- Bergen Bolig AS er av den oppfatning at det vil medføre unødvendig ressursbruk å iverksette en planprosess for å bygge en enebolig.


Vi erkjenner at en planprosess er en grundigere prosess og vil kunne medføre en bredere vurdering av tiltaket. Vi mener likevel at omfanget av tiltaket sammen med de momentene som er nevnt over tilsier at det ikke er nødvendig med en planprosess i dette tilfellet. Vi antar at det ikke er tiltak som dette, kommunedelplanen har til hensikt å ramme.

En ber derfor om at kommunen innvilger dispensasjon fra plankravet som nevnt innledningsvis. I samsvar med pbl. § 19-1, 2. punkt varsles berørte naboer om denne søknaden.

Bergen Bolig Drift As



Bjørn N. Barstad
Daglig leder



BnB 19.04-16

Toril og Gunnar Snipsøyr

Bøen 3

6100 VOLDA

E-post: gunnarsnpsr@gmail.com

Tlf: 952 35 052

25.08.2016

Bergen Bolig A/S

v/ Bjørn Barstad

Sandviksveien 110

5035 BERGEN

I HØVE TILTAK GNR 30, BNR 402

Det har tidlegare vore sendt nabovarsel for tiltak gnr 30, brnr 402 og 406. I det høve sende vi vedlagde merknad av 06.05.2016. Denne merknaden vert også gjort gjeldande i høve denne dispensasjonssøknaden.

I tillegg har vi fylgjande marknader til søknad om dispensasjon frå plankrav i kommunedelplan for Volda sentrum, denne send frå Bergen Bustad til Volda kommune datert 07.08.2016.

I søknaden står det: «*Vi mener at tiltaket er av så liten betydning at det ikke bør kreves reguleringsplan slik som forutsatt i kommunedelplanen*». Ja, reint arealmessig kan det nok sjåast slik, men når ein veit at etter eldre plan er det teikna inn veg over denne tomte, så vert det feil å hevde at denne utbygginga har lita betydning. Dersom dette huset vert bygt, vil ein i stor grad legge føring for korleis ein framtidig arealplan og infrastruktur for området skal verte utforma.

Det har i Volda vore alt for mykje «klattutbygging» etter dispensasjon. Slik utbygging legg då vidare føringar for korleis heilskapelege arealplanar skal utformast. I det området det her er snakk om, er det trøgt om plassen. Det er difor ekstra viktig at ein demokratisk planprosess vert sett i gang der både tomteareal og ikkje minst ein tenleg infrastruktur vert vurdert og kjem på plass før vidare utbygging kjem i gang. Det er administrasjonen og politkarane si rolle å vurdere heilskapen for utbygging i tettstaden Volda og ikkje la snevre næringsinteresser få styre utviklinga.

Med dette som bakgrunn protesterer vi difor på det sterkaste mot at kommunen skal gi dispensasjon frå eksisterande plan for dette tiltaket. Vi er interesserte i å gjere Volda til ein betre stad å bu for alle, og ein demokratisk planprosess der flest mogeleg har høve til å uttale seg, er det vi vil støtte i denne saka.

Med helsing

Toril Snipsøyr

Gunnar Snipsøyr

Kopi: Volda kommune

Toril og Gunnar Snipsøy
Bøen 3
6100 VOLDA
E-post: gunnarsnpsr@gmail.com
Tlf: 952 35 052

06.05.2016

Bergen Bolig A/S
v/ Bjørn Barstad
Sandviksveien 110
5035 BERGEN

I HØVE TILTAK GNR 30, BNR 402 & 406

Vi har som nabo følgjande merknader:

Vegen frå Rotsetgeila inn til tunet til Per Barstad er ein privat veg. Vi har som oppsitjarar kosta opprusting av vegen med asfaltering. Denne vegen er ikkje bygd for tunge køyrety, og vi er difor uroa for at tung anleggstrafikk kan øydeleggje vegen. Det ligg kloakk og avløpsrør for vatn i vegen med fare for at desse vert skadde av tunge køyrety. Krysset mellom Bøen og Rotsetgeila er uoversiktleg og trangt og slett ikkje bygt for auka trafikk og særleg ikkje for tung anleggstrafikk. Det er vidare ikkje dokumentert vegrett frå desse tomtene inn på den private vegen, Bøen, og det er difor ikkje urimeleg at det vert betalt ein inngangsbillett for å få bruksrett til vegen. At eventuell skade som måtte oppstå på vegen vert utbetra av Bergen Bolig A/S og at dei som flytter inn må vere med på framtidig vedlikehald, må vere sjølv sagt.


Vidare viser vi til situasjonskart D1 der hus 2 er teikna inn 4 m frå veg. Denne einebustaden er teikna inn rett over vår vassdrenering og kloakkleidningen frå Per Barstad. Dersom denne skal byggast på dispensasjon i høve til gjeldande reguleringsplan, protesterer vi på det, og reknar med at det ikkje vert gitt byggeløyve før ein heilskapeleg plan for området ligg føre.

Med
helsing

Toril Snipsøy

Gunnar Snipsøy

Kopi: Volda kommune



Vedlegg C9

Bergen 29/08-2016

Kommentar til nabomerknad fra Snipsøyr


Kommentar Nabomerknad fra Toril og Gunnar Snipsøyr:

Jeg viser til vedlegg C8, mottatt pr. e-post 26/08-2016 og datert 25/08-2016.

- Snipsøyr viser til at det etter eldre planer er tegnet vei over våre tomter med Gnr. 30 og Bnr. 402 og 406 og videre inn på Bøen med Gnr. 30/ Bnr. 2 Vi gjør Snipsøyr oppmerksom på at de eldre planene som han viser til er erstattet av Kommunedelplan for Volda Sentrum Godkjent i sak 53/09, datert 18/06-2009 og revidert 04/02-2010. Det er gjeldende Kommunedelplan Snipsøyr og Volda Kommune må forholde seg til når det gjelder saksbehandling av byggesøknader.

Bergen Bolig As

Bjørn N. Barstad
Daglig leder



Vedlegg C11

Bergen 01/09-2016

Kommentar til nabomerknad fra Inger H. Rotevatn

Jeg viser til vedlegg C10, mottatt 31/08-2016

Nabovarsel er mottatt etter fristen, men jeg velger å legge nabovarselet ved bygge saken og kommenterer innspillet.

- Det vises til at det innenfor området som søknaden gjelder skal oppføres 26 nye boenheter og at alle de nevnte boenhetene blir bygget ved dispensasjon eller ved omregulering iht. gjeldende reguleringsplaner. Iht. til gjeldende plan kan ikke iht. se hvor det er plass til 26 nye boenheter. Iht. gjeldende kommunedelplan er det ikke flere ledige tomter å bygge ut i området hvor vi nå søker å bygge.
- Rotevatn mener at omsøkt bolig bryter med eksisterende byggeskikk. Vi er ikke enig i at omsøkt bolig bryter med eksisterende boliger i område.
- Det hevdes at infrastrukturen ikke er dimensjonert for videre utbygging. Vi mener at bygging av enebolig i liten grad vil påvirke dagens trafikksituasjon, øvrig infrastruktur er allerede etablert med tilstrekkelig kapasitet.
- Rotevatn skriver at det ikke er lekeplasser for barn i området. Det vil fra eneboligen vi søker om å få bygge være kort vei til eksisterende barnehage med tilgrensende friluftsområde Fr 4, ref. kommunedelplanen.
- Det hevdes at gjeldende reguleringsplan er fra 1952. Reguleringsplanen fra 1952 ble opphevet av gjeldende Kommuneplan vedtatt 18/09-2009. I gjeldende kommuneplan er området hvor vi søker å få bygge enebolig avsatt til bustadforemål.
- Det avsluttes med at Rotevatn ikke kan akseptere bygging før det foreligger en ny og helhetlig reguleringsplan. En ny og helhetlig reguleringsplan iht. gjeldende kommuneplan vil omfatte en reguleringsplan som tar for seg en stk. enebolig, det er det vi mener synes som unødig ressursbruk.

Bergen Bolig As

Bjørn N. Barstad
Daglig leder



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/1686

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr

187/16

Utval

Formannskapet
Kommunestyret

Møtedato

18.10.2016

OPPRETTING AV FELLESNEMND HORNINDAL - VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.**
- 2. Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:**
 - Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.
 - Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.
 - Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.
 - Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane
- 3. Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.**
- 4. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda:**
- 5. Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.**
- 6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.**
- 7. Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.**

8. Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.

Linkar til rettleiarar om kommunesamanslåing på KMD si webside:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/id2001824/>

Vedlegg:

Intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda.

Samandrag av saka:

Det vert synt til kommunestyra i dei to kommunane sine vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda. Det vert vidare synt til at fylkesmennene har slutta seg til dette i sine innstillingar.

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal oppmodar kommunane om så snart som råd kome i gang med planlegging av samanslåinga.

Med bakgrunn i erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar, finn ein det føremålstenleg å opprette ei midlertidig fellesnemnd for å ivareta arbeidet med å byggje den nye kommunen fram til nasjonalt vedtak vert gjort. Det er kommunestyra som vel fellesnemnd. Val av representantar frå Volda kommune til den førebelse fellesnemnda vert lagt fram som eiga sak direkte for kommunestyret.

I denne saka legg rådmannen opp til forslag til oppretting av nemnd og fastsetting av rammene for arbeidet i fellesnemnda.

Saksopplysningar/fakta:

Det er Stortinget som gjer vedtak om samanslåing av kommunar. Som del av kommunereforma skal sak om kommunesamanslåingar handsamast i løpet av våren 2017. Endeleg vedtak med kongeleg resolusjon kjem hausten 2017. Arbeidet vi no gjer i Volda og Hornindal, for å følgje opp kommunestyra sine vedtak om samanslåing, er derfor førebels fram til Fylkesmannen (FM) kallar inn kommunestyra i Volda og Hornindal til felles møte for å stadfeste samanslåing av kommunane.

Vi er no kjent med at FM tilrår at det bør etablerast ein kommune i grenseområdet mellom Møre og Romsdal og Sogn- og Fjordane basert på samanslåing av Volda, Ørsta og Hornindal. Det er ikkje kome politiske signal frå nokon av kommunane om at ein vil ta opp att drøftingane med Ørsta om samanslåing, og arbeidet framover mot endeleg vedtak i Stortinget vert inntil vidare å basere seg på at det er Volda og Hornindal kommunar som skal slåast saman frå 01.01.2020.

Ordførarane og rådmennene i Volda og Hornindal hadde eit møte 9. september for å drøfte korleis ein skulle kome i gang med prosessen for Hornindal og Volda. Med bakgrunn i erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar vart det konkludert med at første steg vil vere å få oppretta ei førebels fellesnemnd.

Kommunesamanslåing er eit stort endrings- og omstillingsarbeid. Det er mykje som skal gjerast fram mot 1.1.2020. Det viktigaste er å sikre ein god struktur og å bli samde om ambisjonsnivået for arbeidet. Intensjonsavtala er eit viktig dokument som legg føringar for arbeidet. Den formelle prosessen med å bygge ny kommune, startar etter at det er fatta vedtak i Stortinget våren 2017. Fellesnemnda, som skal gjennomføre samanslåinga, er ikkje

formelt etablert før etter dette. Ei førebels fellesnemnd kan derfor ikkje fatte vedtak som legg bindande føringar for den nye kommunen, før dei formelle prosessane er gjennomført i regi av fylkesmannen etter nasjonalt vedtak. I perioden fram til nasjonalt vedtak, er det likevel svært viktig at kommunane arbeider med prosessane. Røynsle frå andre kommunesamanslåingar viser at det viktig å komme i gang tidleg, og at mykje bør vere på plass så tidleg som mogleg. Fram til nasjonale vedtak er Volda og Hornindal kommune juridisk og økonomisk ansvarlege for dei vedtak som vert gjort.

Vurdering og konklusjon

Fellesnemnda som er etablert er førebels og har funksjon som eit interimstyre. Å slå saman 2 kommunar er ei stor oppgåve. Røynsle frå tidlegare samanslåingar har synt at god prosjektorganisering og god prosjektleiing er viktige suksessfaktorar. God og tydeleg rollefordeling mellom politikk og administrasjon er ein annan suksessfaktor.

I rettleiaren frå KMD er to av råda:

1. *Sørg for at prosjektleiar er på plass så tidleg som mogleg. Det bør tidleg takast stilling til om prosjektleiar skal vere rådmann for den nye kommunen. Fellesnemnda må få myndigheit til å få dette på plass.*
2. *Klare mandat og fullmakter til fellesnemnda, partssamansett utval, arbeidsutval, prosjektleiar og arbeidsgrupper er avgjerande viktig for å få til klar politisk styring og ein effektiv og god prosess.*

Det er naturleg at den førebelse fellesnemnda vurderer om det skal tilsetjast prosjektleiar før det er gjort vedtak i Stortinget våren 2017. Vidare er det naturleg at den førebelse fellesnemnda vurderer om dette skal vere den komande rådmannen i den nye kommunen. Den førebelse fellesnemnda kan førebu prosess for rekruttering av prosjektleiar og ev komande rådmann. Sjølv tilsetjinga av prosjektleiar som ev også skal vere komande rådmann må skje i begge kommunestyra. Kommunaldepartementet rår til at slik tilsetjing seinast er gjort i august 2017 for i det minste ha tid nok til å gjennomføre samanslåinga før 2020.

Inndelingslova opnar for at den fellesnemnda kan gi myndigheit til eit arbeidsutval til å gjere vedtak i einskildsaker, og i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Dette kan ikkje delegerast til ei førebels fellesnemnd, men det er naturleg at den førebelse fellesnemnda førebur forslag til reglement for den formelle fellesnemnda, og som kommunestyra kan godkjenne i møtet som fylkesmannen kallar inn til etter at Stortinget har gjort vedtak.

Den førebelse fellesnemnda bør så tidleg som mogleg fastsette framdriftsplan med milepælar for sitt arbeid. Ein prosjektplan for omstilling og oppbygging av ny kommune må vere tidleg på plass.

Milepælar og ansvar er viktig for god styring og leiing.

Rådmannen rår til at det vert oppretta ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer. Intensjonsavtalen mellom dei to kommunane seier i punkt 12 at det skal vere 3 medlemmer frå kvar av kommunane. Det kan vere tenleg at fellesnemnda er breiare samansett, og rådmannen rår til at den vert på 10 medlemmer. Ut frå intensjonsavtalen skal det vere lik representasjon frå dei to kommunane. Det vert fremja eiga sak om val av medlemmer til nemnda direkte for kommunestyret.

Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:

- Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.
- Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.
- Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.

- Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane

Kommunestyret må ta stilling til kva godtgjersle som skal gjelde for medlemmene. Det kan vere aktuelt å til dømes leggje til grunn ein av kommunane sine godtgjerslevilkår for sitt formannskap. Det kan vere naturleg å bruke reglementet til den største kommunen. Det er politikarane sjølv som fastset godtgjersle for medlemmene i politiske utval, så rådmannen legg til grunn at kommunestyret tek stilling til dette under handsaming av saka.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i si innstilling om kommunereforma rådd til at Hornindal, Volda og Ørsta slår seg saman. Kommunestyrevedtaka i Volda og Ørsta går imot samanslåing mellom desse to kommunane, og intensjonsavtalen er oppheva. Kommunestyrevedtaka går parallelt med fylkesmannen si innstilling til Kommunaldepartementet for vidare handsaming fram mot Stortinget som gjer endeleg vedtak i juni 2017. Det er pr tidspunkt heilt usikkert kva Stortinget vil gjere, og dersom Ørsta vert tvangsamanslege med Volda og Hornindal, så må ein berre forhalde seg til det og tilpasse det vidare i prosessen. Med bakgrunn i fylkesmennene si oppmoding om at Hornindal og Volda kjem igang snarast, samt det formidable arbeidet ein slik prosess representerer, så treng ein tida. Rådmannen rår derfor til at kommunane etablerer førebels fellesnemnd og kjem i gang med arbeidet.

Økonomi:

Reformstøtta vert utbetalt på tidspunkt for samanslåing, dvs. nasjonale vedtaket. Ny kommune Volda og Hornindal får kr 5 MNOK i reformstøtte.

Til dekning av eingongskostnader i reformperioden, som er etter at ny kommune er etablert, er 20 MNOK.

Fylkesmannen gir i perioden 2016 - 2019 kr 1 mill i tilskot til prosjektarbeidet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Hornindal kommune

Intensjonsavtale

Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

Innleiing

Hornindal og Volda kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

1. Verdier og mål

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og ufordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Saman med nabokommunar ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.
- Vere ein utviklingsaktør

Delmåla er å:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Bygge på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng

- Løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV-direktoratet, frivillighetssentralen, frivillige organisasjonar og næringslivet.

2. Samfunnsutvikling

Det skal vere ei overordna målsetjing å realisere lokalsamfunna sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vere konkurransedyktig i landsdel og landet.

Arbeide målretta for dei vidaregåande skulane i Stryn og Volda slik at dagens struktur vert vidareført og at det blir lagt til rette for vidareutvikling knytt til lokale og regionale nærings- og samfunnsbehov.

Arbeide for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen. Utvikle samarbeidet med høgskulen og næringslivet og støtte høgskulen i arbeidet med å styrke utdanning og forskning knytt til nasjonale og regionale behov; spesielt nynorsk, nytt bygg for medie- og kultur og kulturnæringspark og stimulere til innovasjon og kommersialisering.

Sentrale samfunnsutviklingstiltak:

- Ny idrettshall i Volda (jfr gjeldande økonomiplan i Volda kommune)
- Samarbeid med Høgskulen i Volda om fleirbrukslokale til undervisning, kultur og kino

Den nye kommunen vil utvikle potensialet for reiselivsutvikling der skisenteret i Hornindal inngår i denne strategien.

Det skal vere ei overordna prioritering å byggje ut gode kommunikasjonstilbod innanfor den nye kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen. Kommunen skal vere ein pådrivar for utbygging av følgjande prosjekt:

- Realisering av E39 i samsvar med føreliggande planar
- RV 15, Strynefjellsvegen med "arm" til Geiranger
- FV 60 Grodås – Møre grense (Røyhus bru)

I framtidig arealplanlegging skal det leggjast til rette for vekst og utvikling i dei ulike sentera.

3. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar.

- Framtidsretta infrastruktur med oppdaterte kommunale bygg. I Volda gjeld dette særleg Volda ungdomsskule, Mork skule og sentrumsbarnehagane. I Hornindal gjeld dette Hornindal skule og omsorgssenteret.

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar, tekniske tenester, brannberedskap og kulturtilbod der dei er no. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) fortsatt skal vere på Helsehuset i Hornindal.
- Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette i eit styrka fagmiljø
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon
- Vere på høgde med den digitale utviklinga

4. Nye oppgåver

Vi er samde om å sikre at den nye kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Første prioritet har oppgåver som kan leggst inn i eksisterande organisasjon og som er tenlege for innbyggjarane. Det må følgje resursar med.

5. Prinsipp for politisk styring

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha minimum 33 medlemmer, dette vert nærare fastlagd av Fellesnemnda.

Fellesnemnda skal vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining. Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein elles skal utforme den politiske organiseringa, mellom anna gjere vurderingar knytt til oppretting av kommunedelsutval etter Kommuneleva sin § 12. Herunder skal Fellesnemnda også gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala (Kommuneleva §12.2).

6. Kommunesenter og administrativ fordeling

Vi er samde om at kommunesenteret blir lagt til Volda

Vi er og samde om at kommunesenteret bør innehalde det strategiske leiingsnivået og administrative støttefunksjonar knytt til dette.

Kommunale administrative arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp.

Dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til NAV og sosiale tenester i dei tidlegare kommunane. Omsynet til kompetansebygging bør i stor utstrekning byggje på å samle spesialiserte fagmiljø (t.d PPT og barnevern).

Ved framtidig administrativ effektivisering vil vi søkje å balansere effekten.

Fellesnemnda (FN – jfr. inndelingslova § 26) har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden – herunder politisk og administrativ organisering - frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og vere beskrive i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen. Intensjonane frå denne avtalen skal ligge til grunn for Fellesnemnda sitt arbeid.

7. Kommunenamn og kommunevåpen

Kommunenamnet og kommunevåpen vert å bestemme av Fellesnemnda.

8. Interkommunale selskap/samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvike/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid.

Målet er at den nye kommunen ivaretek flest mogeleg av oppgåvene sjølv. Vi er difor alt no samde om å avvike, endre eller rydde samarbeid.

9. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) Orienter kvarandre om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
- b) Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- c) Ikkje selje verdier som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

Fellesnemnda skal gjennomgå kommunane sine posisjonar i fond, stiftingar, aksjeselskap og pensjonsfond. Fornuftig finansforvaltning skal sikre at realverdien av kommunane sine investeringar vert oppretthaldne. Budsjettert avkastning skal vere realistisk og ta omsyn til prisstigning.

Fellesnemnda skal foreta ein gjennomgang av investeringstrongen i den nye kommunen.

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

10. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

11. Arbeidsgjevarpolitikk

Dei tilsette er kommunen sin største ressurs og har samla ein unik kompetanse. Kommunesamanslåingsprosessen skal ivareta dei tilsette på ein god måte. Det er viktig å legge tilhøva til rette slik at arbeidstakarane ynskjer å fortsette å jobbe i den nye kommunen. Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som legg vekt på at det er tre ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen. Dette bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både før, under og etter etablering av den nye kommunen.

Den nye kommunen skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, vidareføre det gode trepartssamarbeidet, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette.

Ein kommunesamanslutning er ei verksemdsoverdraging, Jf.Arbeidsmiljølova § 16..

Bemanningsreduksjon skal skje gjennom naturleg avgang. Eventuelle overtallege skal tilbydast andre oppgåver i den nye kommunen i tilsvarende storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Effektiviseringstiltak skjer gjennom naturleg avgang. Alle tilsette sine noverande rettar og tilsetjingstilhøve vert vidareført i samsvar med lov- og avtaleverk .


Ingen skal gå ned i løn og dei tilsette sine pensjonsrettigheter skal ikkje verte svekka som fylgje av samanslåingsprosessen. Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning i samsvar med dei til kvar tid gjeldande tariffavtalane (KLP/SPK). Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeningane og fylgja regelverket på ein god måte. Målet er å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som kan stimulere til god rekruttering og godt omdøme.

12. Fellesnemnd

Det skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26 som har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåing vert sett i verk.

Fellesnemnda skal ha 3 medlemmar frå Volda og 3 medlemmar frå Hornindal. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansatt utval for den nye kommunen, Jf Inndelingslova § 26, 2.ledd. Fellesnemnda kan gjere bruk av arbeidsutval og –grupper etter behov.

Hornindal, 20. juni 2016



Jørgen Amdam
Ordfører Volda



Stig Olav Lødemel
Ordfører Hornindal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2015/1299

Arkivkode: L83

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

188/16

Formannskapet

18.10.2016

AVTALE OM KJØP AV GRUNN TIL FRIOMRÅDE - ANDANESET

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.

Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.

Vedleggsliste:

1. Avtale mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune d.s. 07.09.2016
2. Skriv frå Miljødirektoratet d.s. 26.05.2016 vedkomande medverknad til sikring og tilrettelegging av Andaneset m.m.
3. Søknad om statlege midlar til sikring av Friluftslivområder - 2016

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunen har framforhandla avtale om sikring av grunn til friområde med eigarar av gnr.30 bnr.18. Rådmannen vil tilrå formannskapet å godkjenne avtalen

Saksopplysningar/fakta:

Kommunen ser det som ynskjeleg at avsette friområde i umiddelbar nærleik til sentrum vert sikra for ålmenta. Det vert i denne samanheng vist til at kommunen i 2011 sikra det avsette friområdet "Steinbrotet" nordvest i sentrum (f-sak 63/11, møte 22.6.11), slik at "Munken" og "Steinbrotet" no er sikra for ålmenta her. Såleis er det no tid for å sikre friområde søraust i sentrum: Andaneset.

Både vedlagde søknad frå Volda kommune om statlege midlar til sikring av Friluftsområde og skrivet frå Miljødirektoratet om medverknad til sikring og tilrettelegging av Andaneset m.m. gjev ei god grunngjeving for kvifor dette området er så viktig for allmenta å sikre seg for framtida.

Formannskapet gjorde med bakgrunn i m.a. skriv d.s. 16.01.15 frå eigarane av gnr.30 bnr.18 i møte 09.06.2015 PS sak 93/15 vedtak der dei bad administrasjonen tinge med sikte på avtale om offentlig erverv av det i kommunedelplanen avsette friområdet på Andaneset.

I pkt.2 i vedtaket går det vidare fram;

2. *Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.*

Saka vert med bakgrunn i dett e lagt fram for kommunestyret.

Tilhøve til samfunnsplanen:

Dette tiltake går rett inn i dei mål og strategiar som kommunen nyleg vedtok i safunnsplanen.

- Vidareutvikle gang- og stinettverket og legge til rette for tilgang til natur og friluftslivsområde.
- Realisere utviklingsplanen for Volda sentrum med fokus på grønstruktur og kopling mot strategien "frå fjord til fjell".
- Synleggjere natur- og friluftslivsmoglegheitene.
- Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv.
- Sikre viktige strandsone og sjøareal til natur- og friluftsfornål.

Helse og miljøkonsekvensar:

Sikring av friområde for ålmenta er viktig folkehelsetiltak.

Økonomiske konsekvensar:

Arealet som skal sikrast er omlag 19 daa, noko som medfører ein kostnad til innløyising av arealet inkludert oppmåling m.m. på omlag kr. 190.000,-. Staten dekker 50% av kostnadene og eg vil tilrå at kommunen sin del vert dekt av ubunde investeringsfond.

Med tilvising til tilsagnet frå staten på totalt kr. 314.850,- må kommunen **minimum** løyve same sum for å fylle kriteria som er sett for tildelinga av statlege midlar.

Til kommunen sin søknad er det i tillegg ettersendt totalestimert kostnad for ulike tilretteleggingstiltak på kr. 990.000,-. Det betyr at kommunen i tillegg til sikringskostnaden må løyve i underkant av kr. 600.000,- for å få gjennomført også dei ulike tilretteleggingstiltaka som går utover godkjent søknad.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen er svært nøgd med at allmenta med denne avtalen har sikra området for framtidige friluftaktivitetar og vil samstundes rose eigarane for den velvilje og interesse dei også har for at dette området best mogleg skal bli lagt til rette for slike aktivitetar.

Det er no opp til det offentlege å få sett Andaneset i stand slik at dei fyller dei kriteria som er sett for tildeling av dei statlege midlane. Staten har sett ein frist for tilsegna til 15.08.2018, noko som betyr at kommunen allereie i komande budsjett bør prioritere dette området i samsvar med føresetnadene for dei tildelte midlane.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

AVTALE

Mellom eigarar av gnr. 30 bnr. 18, Åshild Andenes og Jon Inge Andenes

og

Volda kommune

er det inngått slik avtale:

1. Åshild Andenes og John Inge Andenes sel til det offentlege (staten/Volda kommune) ein teig av eigedommen sin gnr. 30 bnr. 18 slik det er vist på kartet som følgjer denne avtalen.
Parsellen måler om lag 18,5 da og skal nyttast til friområde i samsvar med vedteken kommunedelplan av 18.06.2009, og elles etter nærare detaljplanar for bruken av friområdet.
2. Partane er samde om at grunnprisen skal vere kr. 7,- pr. m².
3. Grensene for parsellen det offentlege skal overta skal nærare oppnåast og grunneigaren gjev med dette Volda kommune fullmakt til å rekvirere kart- og delingsføring på sine vegner. Alle utgifter i samband med oppmåling og tinglysing av målebrev/matrikkelbrev og skøyte skal dekkast av Volda kommune.
4. Det offentlege får overta badehuset (tidlegare dynamittlager) med tiliggjande grunn. For verdien av bygget skal det utbetalast eit beløp på kr 10 000,-.
5. Når grunnen er oppmålt og det offentlege har tilbode seg å gjere opp for arealet, skal grunneigaren innan 30 dagar utførde hefefritt skøyte.
6. Avtalen er utførda i 3 (-tre-) eksemplar. Eitt til kvar av partane og eitt eksemplar som skal sendast Statens kartverk i samband med tinglysing av matrikkelbrevet.
7. Tvist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettergang ved Søre Sunnmøre Tingrett.
8. Denne avtalen er bindande for grunneigar ved underskrift og for det offentlege etter godkjenning i rette styreorgan.


Volda, 7/9 2016

Ashild Andersen
Ashild Andenes
Grunneigar gbr 30/18

Volda, _____ 2016

Jørn-Inge Andersen
Jørn Inge Andenes
Grunneigar gbr 30/18

Jørgen Amdam
ordfører



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Trondheim, 26.05.2016

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2016/460

Sakshandsamar:
Heidi Grete Betten

Statleg medverknad til sikring og tilrettelegging av Andaneset del av gnr 30 bnr 18 i Volda kommune som friluftslivsområde for ålmenta

Vi viser til kommunen sin søknad av 12.01.2016 og uttale av 01.04.2016 frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Vi viser og til seinare korrespondanse med Volda kommune om saka.

Kommunen søker om statleg medverknad til erverv og tilrettelegging, totalt kr 189.700,-. Seinare er det ettersendt eit kostnadsestimat for ulike tilretteleggingstiltak på kr 990.000,-.

Sikring og grunnleggande istandsetting av Andaneset fyller dei kriteria som er sett for tildeling av statlege midlar.

Miljødirektoratet gir med dette tilsegn om inntil **kr 314.850,-** inklusive omkostningar til sikring og istandsetting av dette arealet til friluftslivsområde for ålmenta. Tilsegna er avgrensa til å dekkje 50 % av kostnadene ved sikringa og opparbeiding av atkomst og gangssti. Vi føresett at eventuelle nødvendige løyve frå offentleg myndigheit til å utføra istandsettingstiltaka blir innhenta av tiltakshavar.

Grunngjeving for tilsegna

På Andaneset som ligg i strandsona like sør for Volda sentrum, ynskjer ein å sikre om lag 19 daa for å ivareta og opparbeida arealet for opphald og aktivitet også i framtida. Området er i privat eige, så det er behov for å formalisera bruk, funksjon og status gjennom offentleg sikring. Området er allereie mykje nytta til fiske, bading og anna strandliv. Det er og lett tilgjengeleg for båt og kajakk. Då mykje av strandsona i omegn er bratt og ulendt, er det mangel på slike attraktive og tilrettelagte sjønære område. I søknaden skriv Volda kommune at det etter kvart er aktuelt å knytte Andaneset tettare til Volda sentrum ved å etablera betre samanbinding for gåande og syklande. Området er og lett tilgjengeleg i dag, - sidan vegen hit frå sentrum er stengd med bom for bilar like sør for Andaneset, er han utan gjennomgangstrafikk og fungerer som turveg.

Som eit sentrumsnært, attraktivt friluftslivsområde i strandsona i eit område der det ikkje finst så mange slike, vurderer Miljødirektoratet dette som ei svært god sikringssak som vi ynskjer å medverka til. Fylkeskommunen tilrår og statleg medverknad til sikring.

I samband med statleg sikring av areal blir det skilt mellom lokal og regional bruk ut ifrå kvar hovudvekta av brukarane kjem ifrå gjennom året. Dersom over halvparten kjem frå eigen kommune, er det i denne samanheng snakk om lokal bruk. Slik vi vurderer det er det mest sannsynleg at dette området i hovudsak vil få lokal bruk, og Miljødirektoratet vil då kunne medverka med inntil 50 % av sikringskostnadene inkludert omkostningar (inntil kr 79.850,-).

Statlege midlar til tilrettelegging av sikra friluftsområde blir fyrst og fremst tildelt frå fylkeskommunen. I samband med sikring av område kan direktoratet likevel enkelte gongar medverka økonomisk til grunnleggjande istandsetting som blir vurdert som nødvendig for at området skal vera tilgjengeleg for ålmenta. Direktoratet sitt høve til å medverka til denne type tiltak vil vera avhengig av budsjettsituasjonen. I denne saka vil etablering av tilfredsstillande atkomst og gangsti inn i området vera ein del av den grunnleggjande istandsettinga som i større grad vil gjera området tilgjengeleg for publikum. Kostnadene ved dette blir sett på som ein del av dei samla sikringskostnadene som staten i denne saka kan medverka til å dekkja med inntil 50 % (inntil kr 225.000,-). I tillegg støttar vi informasjonstavle med kr 10.000,-

Heimelshavar

Heimelshavar etter gjennomført sikring blir Volda kommune, medan Miljødirektoratet blir rettshavar.

Utbetaling

Utbetaling av tilsegna kan gjerast når vi har teke imot dette:

1. Kopi av tinglyst skøyte
2. Panteattest som viser at eigedomen er fri for økonomiske hefte, og andre tinglyste hefte som kan hindra eller vanskeleggjera utnyttinga av eigedomen til friluftslivsføremål.
3. Matrikkelutskrifter med tilsvarande opplysningar som i målebrev.
4. Grensene for området levert på digital form (til dømes etter oppmåling), i standard kartformat (SOSI). SOSI-fila skal vise den ytre grensa til det sikra friluftslivsområdet (bruk kystkontur der området ev grensar mot sjø) og elles vera reinska for andre opplysningar (som interne eigedomsgrenser, høgdekurver, bygningar osv)
5. Tinglyst fråsegn om at eigedomen ikkje kan nyttast til anna enn friluftslivsføremål for ålmenta utan samtykke frå staten v/Miljødirektoratet. Direktoratet sitt føretaksnummer er 999 601 391
6. Stadfesting av at istandsettingstiltaka er utført, samt rekneskapsoppstilling over dei ulike delkostnadene. I rekneskapsoppstillinga skal ev meirverdiavgift vere trekt ifrå. Rekneskapsoppstillinga skal vera stempla og signert av person med mynde i kommunen.
7. Ein forvaltningsplan som viser planlagde tilretteleggingstiltak i området. Mal for forvaltningsplan er lagt ut på Miljødirektoratet sine nettsider.

Vi gjer merksam på at tilsegna vil bli trekt dersom saka ikkje er avslutta innan 15.08.2018.

Vi ber om at ein held dialog med Miljødirektoratet under gjennomføring av saka, dersom det oppstår tvil om føresetnadene for tilsegna kan vere endra. Det kan til dømes gjelda ved endringar av kostnader, vederlag som skal betalast for arealet, arealstorleik og vilkår i avtalar som blir inngått.

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan sette i verk kontroll av om midlane er nytta i samsvar med føresetnadene. Vi føresett at kostnadene blir ført slik at det er mogleg å ta ut eit separat rekneskap for arbeida som er utført.

Informasjonstavle

Informasjon er eit viktig tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivsområde. For å sikra at informasjonen om statleg sikra område får eit einskapleg og gjenkjenneleg uttrykk, har Miljødirektoratet utvikla ein eigen grafisk profil for desse områda. Malen gjeld anten det er staten, kommunen eller eit friluftsråd som blir grunneigar/rettshavar. Han finst på Miljødirektoratet sine nettsider.

Rettleiing om forvaltninga

DN-handbok nr. 30-2011 "Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder" viser kommunen sitt ansvar ved sikring av område ved hjelp av statleg medverknad, samt ansvar når det gjeld drift og

tilsyn av desse friluftslivsområda. Vi gjer merksam på at ansvar for drift blant anna omfattar ansvar for normale driftsutgifter knytt til området (f. eks. kommunale avgifter, straum, eigedomsskatt, utgifter ein får som part i veglag ol). Det er ein føresetnad for tilsegna at kommunen tek på seg dette ansvaret. Handboka er publisert på direktoratet sine nettsider.

Vi føresett at eventuell opparbeining skjer på ein naturvennleg måte, jf prinsipp og råd omtala i DN-handbok nr. 27-2006 "Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv". Handboka er publisert på direktoratet sine nettsider.

Vidare blir det føresett at naturmangfaldet blir forvalta i medhald av naturmangfaldloven sitt føremål, forvaltningsmål, prinsipp og plikt til aktsemd, jf loven kap 1 og 2.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Berit Lein
avdelingsdirektør

Terje Qvam
seksjonsleiar

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune	6404	Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 Molde

Foretaksnavn: Volda kommune
Navn: Torgeir Stensø
Kontonummer: 39910781727
Adresse: Stormyra 2
Postnr.: 6100 Volda
Telefon: 70058755
E-post: torgeir.stenso@volda.kommune.no

Mottaker: Møre og Romsdal fylkeskommune

SØKNAD

REFERANSENØ.: 16S986F8

Andaneset friluftslivsområde

Om området

Om området
Områdets navn: Andaneset friluftslivsområde
Kommune: Volda
Gårds- og bruksnummer: 30/18
Areal (m²): 19100
Dagens eiendomsforhold til området: Privat

Arealkategori

Innen hvilken arealkategori i kommuneplanen ligger området? Friområde

Er området regulert? Nei

Status for omkringliggende områder: Bustad, LNF

Beliggenhet og bruk

Områdebeliggenhet i forhold til hovedbrukergruppe: Nærområde

Områdets bruk: Lokal Regional

Nærmere begrunnelse for om området i hovedsak har eller vil få lokal eller regional bruk:

Andaneset er eit attraktivt friluftsområde like ved Volda sentrum - kommunesenteret i Volda kommune. På grunn av at Sunnmørslandskapet, som elles her, er dominert av bratt lende ned mot fjordane er det mangel på attraktive, tilrettelagde, sjø-nære friluftsområde. Området dette gjeld er i dag nytta som utfarststad for aktivitetar som fiske, bading og anna strandliv og det er lett tilgjengeleg frå sjøen med båt eller kajakk.

Det er aktuelt å knyte Andaneset tettare til Volda sentrum m.a ved å etablere betre sambinding for gåande og syklande - kanskje ei form for strandpromenade vil vere mogleg. Området vil såleis kunne inngå i ein strategi for fokus på verdiane ved aktivt friluftsliv og det har, ilag med m.a. Elvadalen - ikkje langt unna - høge opplevingsfaktorar som det er viktig å ta vare på for komande generasjonar.

Som del av den framtidig utviklinga av tettstaden Volda er det derfor svært viktige at Andaneset sin bruk, funksjon og status vert formalisert t.d. ved etablering av varig bruksavtale eller heimelsoverdraging av grunn. Eit slikt grep vil vere viktig også for Volda som turistdestinasjon og det vil såleis også kunne ha positive verknader for det lokale næringslivet. På bakgrunn av at Volda utgjør eit knutepunkt på E39 og

fordi kommunesenteret dei seinste åra er knytta tettare til kommunane på ytre Sunnmøre (ved Eiksundsambandet fv 653) og til kommunane Hornindal, Stryn og Eid (Kvivsvegen E39) forventast det betydeleg auka aktivitet når det gjeld turisme og når det gjeld besøkande/brukarar frå regionen.

Atkomstmuligheter til området

Kan området lett nås uten bil eller båt? Ja, Til fots/sykkel fra boområde

Omtrentlig avstand (m) til nærmeste tettsted: 150

Beskrivelse av atkomstmuligheter til området:

Andaneset er lett tilgjengeleg til fots eller på sykkel frå sentrum eller frå byggefeltet i og ikring sentrum. Det er ca 1,3 km til busshaldeplassen som er næraste kollektivtilbod.

Den gamle vegen langs fjorden - som før var RV651 går forbi området. Vegen - som er stengd med bom - er i dag svært mykje nytta som turveg spesielt for syklistar som vil lenger av garde og ikkje ønskjer å sykle inne i Rotsethorn-tunnellen.

På Andaneset ligg det godt til rette for etablering av parkeringsplass - likeeins for bygging av turveg/sti inne på sjølve friområdet.

Sikring av området

Hvorfor bør området sikres? Intensiv bruk Behov for tilrettelegging

Utdyping av hvorfor området bør sikres:

Andaneset bør sikrast for framtidige generasjoner fordi det utgjør eit svært attraktivt, sentrumsnært og sjønært friluftsområde som vert mykje nytta til fisking, bading, båt/kajakk og strandliv.

Kort beskrivelse av området for bruk i Naturbase (www.naturbase.no):

Området er lokalisert til sør, sør-aust for Volda sentrum og utgjør del av eigedomen gnr 30 bnr 18. Mellom sjøen og øvre del av området er det ein høgdeforskjell på ca 30 m.

Sjølve strandområdet består i hovudsak av svaberg og kupert landskap med fjellknauser

Vegetasjonen er dominert av spreidd blandinsskog, lyng og mose

Egnet bruk:

- Bading og strandbaserte aktiviteter i saltvann
- Båttur i saltvann
- Fiske i saltvann
- Lek og allsidige aktiviteter
- Tur - sommer
- Tur - vinter
- Merket sti- og løypenett
- Turveddrag
- Turmål

Sikringsform

Erverv (kjøp av eiendomsrett): Statlig erverv inntil 100 %

Status

Status for sikringssaken

Sikring gjennomføres ved: Minnelig avtale
Hvor står saken nå? I prosess med oppretting av grunnavtale
Når forventes saken gjennomført? 30.11.2016

Heftelser

Er det heftelser/rettigheter på eiendommen som for eksempel båtrettigheter, brygge naust, hytte, veirettigheter? Nei

Eksisterende bygninger

Er det bygninger på eiendommen? Nei

Forvaltningsansvar

Forvaltningsansvar

Søker tar på seg det formelle ansvaret for drift og tilsyn av friluftslivsområdet, jf. DN-håndbok 30-2011

Forvaltning av statlig sikrede friluftsområder: Ja

Hvilken etat/organ vil få forvaltningsansvaret? Volda kommune

Utgifter

Oversikt over forventede utgifter til sikring av området med begrunnelser (utdypes evt. i vedlegg)	Beløp
Pris pr m ²	7
Kostnader:	
Grunnpris (antall m ² x kr pr m ²)	133 700
Kart- og delingsforretning	25 000
Tinglysingsgebyr inkl. dokumentavgift	1 000
Informasjonstavle	10 000
Grunnleggende istandsetting	20 000
Annet	0
Annet	0
Annet	0
Total kostnad	189 700
Søknadsbeløp	189 700

Tilretteleggingstiltak

Tilretteleggingstiltak - Utførte (U) - Nødvendige (N) - Ønskelige (Ø)

Benker/bord: Ø

Brygge: Ø

Bål-/grillplasser: Ø
Fortøyningsbolter: Ø
Informasjonsskilt/tavle: Ø
Lekeapparater: Ø
Livbøye: Ø
Merking av stier/løyper: Ø
Natursti: Ø
Parkeringsplass: N
Rydding av vegetasjon: N
Sti/Gangvei: N
Stupebrett/badetrapp: Ø
Søppelstativer: N
Tilkobling til elektrisitet: Ø
Toalett: Ø
Enkelt overbygg for eksempel gapahuk: Ø
Baderampe: Ø
Turvei: N

Vedlegg

- 📎 Vedtak formannskapet 09.06.15.pdf (Annet)
- 📎 Kommunedelplan for Volda sentrum.pdf (Annet)
- 📎 Areal for innløsning 11.01.2016.pdf (Kart med gnr/bnr)
- 📎 Situasjonsskart_planområde 11.06.2016.pdf (Annet)

Merknad:

Som det går fram av vedlegget som gjeld vedtak i formannskapet er status på saka no at administrasjonen i kommunen er beden om å gjennomføre forhandlingar med sikte på offentleg erverv av grunnen.

Søknaden om tilskot til sikring av grunn er sendt i forståing med grunneigar.

Ettersende vedlegg per post: Nei

[sign] **Torgeir Stensø** for Volda kommune

Levert 12.01.2016



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2014/1913

Arkivkode: A60

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

189/16

Formannskapet

18.10.2016

UTVIDING AV ARBEIDSGRUPPE KULTUR- OG KINOSAL - OPPNEMNING AV REPRESENTANTAR

Administrasjonen si tilråding:

Følgjande representantar ev representasjon frå følgjande grupper vert spurt om å delta i arbeidsgruppa som skal avklare kommunen sitt behov i fleirbrukssalen i Mediehus under planlegging

Saksopplysningar/fakta:

Det vert synt til K-sak 109/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, datert 21.09.16.

2. Den politiske arbeidsgruppa som vart oppnemnt i K-sak 122/15 følgjer arbeidet med skisseprosjektet for kino/kultursal/fleirbrukssal som del av planlegging av nytt mediebygg på Campus - Høgskulen i Volda. Gruppa vert utvida med inntil 3 representantar frå kulturlivet i Volda, oppnemnd av formannskapet. Arbeidsgruppa får ansvar for å definere kommunen sitt behov i prosjektet og krav til funksjonalitet. Dette må balansere med ambisjonar som gjeld for liknande referanseprosjekt som har vore realistiske å gjennomføre. Gruppa rapporterer til kommunestyret via formannskapet.

Kommunestyret vedtok å delta i skisseprosjektet for Mediehus på Campusområdet ved HVO der kommunen si interesse omhandlar kino- og kultursal i eit fleirbrukskonsept saman med Høgskulen.

Rune Sjurgard
Rådmann



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2012/1172

Arkivkode: 047

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

190/16

Formannskapet

18.10.2016

Kommunestyret

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. UTGANGEN AV AUGUST 2016

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Vedleggsliste:

Vedtakslogg pr. utgangen av august 2016.

Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. våren 2016. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva statusen er.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre.

Rådmannen har motteke innspel frå FrP om korleis ein best kan ajourføre dokumentet. På grunn av ressursknappheit har ikkje rådmannen hatt tid til å sjå på saka. Rådmannen vil arbeide vidare med saka. Administrasjonen har gjort endringar i strukturen/oppsettet på loggen, for å få betre oversikt over dei ulike avdelingane.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorsjefane

Vedtaksoppfølging 2. rapport 2016

Innholdsliste

Utviklingssektoren	s. 2
Teknisk sektor	s. 6
Personal og organisasjon	s. 11
Eigedomsavdelinga	s. 13
Helse- og omsorg	s. 18
Kultur og service	s. 22
Samfunn og rådgjeving/rådmannen	s. 24
Opplæring og oppvekst	s. 31

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoren	Framdrift/aktivitet
FSK 151/13	24.09.13	Reguleringsplan Rotsetfjora –Scanaområdet slik det går fram av plandokument datert 17.09.2013 vert fremja og lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.	Offentleg ettersyn gjennomført, sluttavklaring hos fylkeskomm. gjenstår, til handsaming april 2014. Planen har vore utlagt til offentlig ettersyn.	
PS 60/16	05.04.16	Saka vert utsett. Før vidare handsaming av saka, skal det haldast synfaring.	Nye innspel om utbygging til bustad/kontor er motteke frå ny eigar. Eventuell avklaring om planendring /privat reguleringsplan tidleg haust 2016. jf vedtak i formannskapet den 31.05.2016.	
FSK 54/14	18.03.14	Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra. Utlegging til off. ettersyn I medhald av pbl. §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Håmyra, lagt ut til offentlig ettersyn slik det går fram av plandokumenta (planomtale, plankart og illustrasjonsplan med snitt, og føresegner. Illustrasjonsplan med tilhøyrande snitt sist revidert 05.03.2014, skal vere del av plan og juridisk bindande.		
KST 36/15	30.04.2015	Detaljregulering og søknad om rammeløyve vert å handsame parallelt jf. pbl. §12-15. Søknad om rammeløyve vert sendt på høyring i samband med utlegging til offentlig ettersyn. Kommunestyret finn at administrasjonen si plikt til forsvarleg utgreiing av saka (jmf. Kommunelova paragraf 23.2) ikkje er oppfylt. Dette gjeld særleg trafikkale forhold som utbygging av Håmyra vil medføre, mellom anna Raudemyrvegen og Heltnevegen. Krav om lovlegheitskontroll vert å sende til Fylkesmannen for vidare handsaming.	Krav om lovlegheitskontroll avslutta - avvist av kommunestyret og Fylkesmannen. Oppfølging vidare skjer i teknisk sektor. Forhandlingar om utbyggingsavtale med Din Bolig er igang. Det vert lagt fram sak til formannskapet for utlegging av avtalen. Etter ferien vert det lagt fram sak for kommunestyret for finansiering av dei kommunale tiltaka (andel av samleveg, kulvert mv) og godkjenning av utbyggingsavtalen.	
KST 62/15	09.06.2015	Godkjenning av plan. Det skal settast i verk fleire strakstiltak før feltet kan utbyggast: 1.Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t.		

FSK 19/16	09.02.2016	2.Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen. 3.Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys. 4.Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering. 5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks. og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløyning gjennom Håmyra /Urbakkefoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara. pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløyning gjennom Håmyra/Urbakkefoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara. 1.Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5 i denne saka	Planen godkjent 26.februar 2015. Klager over reguleringsvedtak avvist av Fylkesmannen 8.03.2016. Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert innarbeidd i utbyggingsavtale. (ansvar Teknisk sektor) 3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor) Varsel om planoppstart for plan Raudemyrvegen -Lisjenakkvegen til Solhøgda, utsendt 6.06.2016, jf pkt 5 og pkt m. Føresetnader teke inn som rekkefylgjebestemmelsar i reguleringsframlegg for Urbakkefoten. Plan til offentlig ettersyn etter vedtak i formannskapet sak 87/16 10.05.2016	
-----------	------------	--	---	--

		2. Formannskapet tek til vitende fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen i vedlegg 2.		
KST 10/14	31.1.14	Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda. 1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,- 2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen. 3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam 4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.	Under arbeid. Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet. Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15. Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporterings-rutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen. To større prosjekt, Hamnekvartalet og forlenging av turveg Elvadalen, har vore ut på anbod og leverandør er valt. Prosjektering skal vere ferdig på nyåret 2017.	Sentrumsprosjektet er tungt organisert med styringsgruppe og prosjektgruppe som partnerskaps-organ. Det er kommunen sine ordinære organ som kan gjere økonomisk bindande vedtak. Organiseringa er ei utfordring m.o.t rapportering i styringslina. No som styringsgruppa har prioritert prosjekt, så er vi inne i gjennomføringsfasen. Det er viktig at ein kan få mest mogleg fysiske tiltak ut av ressursane. Det er på gang ei vurdering av organiseringa.
FSK 196/15	08.12.15	Detaljreguleringsplan turveg Rotevatn – nytt offentleg ettersyn.	Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt planvedtak i sak 88/14 – Justert planframlegg vart lagt ut til nytt offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet den 8.12.2015 Nytt off ettersyn gjennomført i perioden 10.12.2015 til 8.02.2016 Mål om denne skal verte slutthandsama av kommunestyret i løpet av hausten	22.12.2016
FSK 118/16	21.06.2016	Planid 2015001 - Bustadområde Legene -		

		Bøkevegen - del av gnr 19 bnr 29 – planframlegg <i>Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentlig ettersyn.</i> <i>Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.</i> <i>Pkt. 3 Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.</i>	Naturleg å sjå på dette i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.	
--	--	---	--	--

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift/aktivitet
KST 60/09 og KST 72/11	3.9.09 og 22.6.11	Fjordvarme: Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med saka mellomanna med utgangspunkt i fylgjande moment: - 3. partsvurdering av den teknologiske løysinga - Økonomien i prosjektet - Organisering av prosjektet - Ei grundigare vurdering av merknaden	Føresetnadene i prosjektet er usikre og prosjektet har ikkje prioritet no, jf. sak om Klimaplanen. Kommunestyret skal handsame ny planstrategi i 2016, der det må takast stilling til om revisjon av klimaplanen skal prioriterast.	
		Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.	
		Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt	
KST 152/12	29.11.12	Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv.	
KST 5/13	31.01.13	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016: Restbeløpet til PVC går til gatelys Ulvestad - Torvika	Restbeløp til gatelys Ulvestad – Torvik: Ikkje gjennomført. Må ha tilleggslyøyving for å kunne gjennomføre tiltaket.	Må avvente politisk prioritering for ev vidare framdrift
FSK 98/13	21.05.13	Reservevassforsyning for Volda: 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.	Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør derfor vere opna for å få til vidare samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift.

FORV 69/13	11.06.13	Buss-skur på Lid: Forvaltningsstyret bed administrasjonen sjå på tilhøva med buss-skur på Lid, plassering og behov for antal.	Ikkje oppstarta og ikkje finansiert. Tiltaket må vurderast i budsjett-samanheng dersom det skal prioriterast. Vedtaket vert å fjerne frå vedtaksloggen dersom det ikkje vert følgt opp politisk med finansiering.	
FORV 78/13	20.08.13	Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak: Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.	Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingsplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.	Det vert i løpet av kort tid sendt brev til Statens Vegvesen for å be om møte for å avklare nærare framdrift.
FORV 76/15	17.11.15	Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862 <i>3.Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.</i> <i>4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.</i>	Forvaltningsstyret den 08.12.15, sak PS 86/15: <i>Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15. Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.</i>	
KST 81/16	16.06.16	<i>1.Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.</i> <i>2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningslinjer som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.</i>		

		<i>3. Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.</i>		
KST 125/14	24.09.14	Konkurranseutsetjing, EPC-kontrakt 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering. 3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016. Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget. Adm skal i kontraktsamtale med NEE AS den 29.06.2016 i Oslo.	
KST 46/08	24.4.08	Tomt øvre Rotset: Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnyttingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areal må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist.	Reguleringsplan for området godkjent i 2014. Konkurransegrunnlag for opparbeiding av 1. byggesteg og engasjering av konsulent kan gjennomførast i løpet av 2016. Fylkesmannen har no gjeve kommunen medhald i klagen på oreigningsvedtaket, slik at det no kan reisast krav om å ta grunnen i bruk. Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området når tilbod på opparbeiding av feltet har vore ute på tilbod. .	
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 39 <i>Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta</i>	Teknisk sektor i Volda har vore i kontakt med teknisk sektor i Ørsta om ev samarbeid. Det er	Det vert vert vurdert innarbeiding av ny veghøvel på budsjett

		<i>kommune om leige .Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene. Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.</i>	praktiske problem knytta til dette da det er behov for den samtidig i begge kommune for skraping av vegar og sikring av vegane. Leigeavtale vi har i år med entreprenør kostar om lag Kr 250.000. Då er ikkje driftskostnadane teke med. Kapitalkostnad ved kjøp vil være vesentlig rimligare en dagens løsing.	2017.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 42 Botnavegen – budsjett 2016 kr 3.500.000	Tilleggsfinansiering er godkjent av kommunestyret.	Pga av formalfeil i anbudsprosessen vert prosjektet lyst ut på nytt. Prosjektet er planlagt å starte opp tidleg 2017.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 44 Forprosjekt - Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet. <i>Finansiering ved ubudne investeringsfond</i>	Det har ikkje vore teke eige initiativ knytt til Torvmyrvegen utover at det har vore drøfta om prosjektet bør inn i ei felles samferdselspakke for Volda og Ørsta.	
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 47 Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.	Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling.	Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan.
KST 44/16	31.03.16	B58 Bratteberg Planen godkjent, tillaukt til meir gagn enn skade. 3.Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingssplanen. 4.Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend	Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinansiering av utbygginga.	Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan rå til at ein får rydda opp i vegsystemet som

		reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggst fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Vedtak som skal oversendast til administrasjonen: Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/Bratteberg skule.		tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg.
--	--	--	--	--

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Personal og organisasjon	Framdrift/aktivitet
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 32 Volda kommune ønsker fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenestoområda i kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett.	Det er oppretta tre nye stillingar i 2016, og skal det opprettast fleire må det vurderast i budsjett 2017.	
KST 83/16	16.06.16	<i>Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.</i>		
KST 4/16	19.01.16	Oppmoding om auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017 3.Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet. 4.Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.	3. Under arbeid. Det vert møte med Volda læringssenter, NAV Ørsta/Volda og ev. Ørsta kommune, etter sommarferien 2016. Sak vert lagt fram til politisk handsaming når saka er ferdig utgreidd i etterkant av dette. 4. Fullført. Handsama i f-sak 133/16 i møte 16.08.16.	
KST 94/16	25.08.2016	PS 94/16 Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017 1.Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna. a. 6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet. b. 2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av	Under arbeid.	

		<i>Volda læringssenter.</i> 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige. 3. Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett. 4. Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige. 5. Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.		
--	--	---	--	--

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Egedomsavdelinga	Framdrift/aktivitet
KST 42/12	31.05.07	Trong for omsorgsbustader i Volda kommune - Totalrenovering av Mork bustader - Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad - Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad	Dette er spørsmål som vert vurdert og handsama i samband med budsjett og økonomiplan.	
KST 11/13	31.01.13	Mork skule, gamlebygget Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskulen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden.	Frist for å legge fram ein samla byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018. Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget har blitt vøla utvendig og der er gjort tiltak innvendig for å betre forhold til lærarar (inventar) vidare arbeid med lærarar arbeidsplassar blir arbeidd med Det er gjennomført tilstandsanalyse på innemiljø i år, denne er funne ok. EPC vil gjennomføre ulike tiltak i bygget. Større vurdering kjem i løpet av hausten i forbindelse i svar om miljøretta helsevern. Her vil ein sjå på samanhengar i ulike prosjekt som er på gang i Volda. (Voldahall, VUS, skulemodular ved Øyra osv	Det vert vurdert flytting av modul frå Øyra skule til Mork skule i samband med budsjettet for 2017.

KST 163/13	28.11.13	Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehaldsbehovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her. Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule	
KST 164/13	28.11.13	Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule 3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Pkt. 3 Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamanheng. Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule.	
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie konkurranseutsetting av reinhaldet i kommunen.	Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutinene, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa innanfor reinhald. Spørsmålet om konkurranseutsetjinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort. Innkjøpsprosessen med reinhaldsartikklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap.	

			Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette. Det er lagt fram orientering for driftsstyret der ein viser lønsemd i reinhaldet. Reinhold viser også til ein svært viktig funksjon som lærebedrift der vi kvalifiserar personar ut i arbeid. Dette gjennom nært samarbeid med Volda læringssenter og Furene. Det er vist til lønsemd med å ta over reinhaldet sjølve i leigd lokale på Hamna 20, driftsstyret var orientert om dette i vår. Person er tilsett og starta opp i arbeidet 1. sept. 2016	
FSK 208/14	18.11.14	Leigekontrakter Høgskulen i Volda Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard.	Viser til dialog kring nytt mediebygg, Voldahall prosjekt og EPC. Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggt tekniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet. EPC er nok godkjent, VK tek vidare dialogen kring leige sett opp mot gjennomføringsplan av tiltak i prosjektet, samt eventuell framdrift i nytt mediebygg.	
KST 38/15	30.4.15	Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg 1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering. 2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å	Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt. Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsoving-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15) Arbeidsgruppa arbeider med prosjektet. Idretten	Arbeidsgruppa vert å leggje fram framdriftsplan på prosessen. Det vil vere tenleg å få ei rask avgjerd på tomteplassing og få det avklart i styrande

	stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert. 3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av: - Volda kommune med 2 frå administrasjonen - Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr. - Volda idrettsråd med 1 representant - Volda handball med 1 representant - KFUM Volleyball med 1 representant Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet. 4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat: a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast. b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke. c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift. d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt. e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre. f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring. 5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016. 6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsovingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift. 7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal	har lagt fram romprogram. Det er planlagt møte med Ørsta kommune for å drøfte mogleg samarbeid om å utløyse maks spelemidlar. Det er planlagt ekskursjon til Ulsteinhallen før ferien. Det vert teke sikte på å få fram ei sak for kommunestyret etter ferien der partane har samordna sine interesser med sikte på å få utarbeidd eit forprosjekt som kan verte eit beslutningsgrunnlag for partane. Kommunestyret har bedt om rapport frå arbeidsgruppa blir lagt fram. Det er tatt avgjersle på bruk av ekstern kompetanse til å greie ut tomteplassing. Anbod på dette er sendt ut.	organ hos partane. Deretter bør ein arbeide vidare med forprosjekt på å få kostnadsrekna investering og driftskonsekvensar som avgjerdsgrunnlag for å få vidare.
--	---	---	---

		inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling. 8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015. 9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.		
--	--	---	--	--

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse- og omsorg	Framdrift/aktivitet
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurranseutsette.	Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentlig utlysning, vart konkurranseutsettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primæroppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Tiltaket er ikkje følgt opp av kommunestyret i budsjettet for 2016.	
KST 134/13	3.10.13	Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad". Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga. Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta.	Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god rotasjon i bustadene. Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016. Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden. Søker om vidareføring av prosjektmidlar i 100 % stilling tom 31.07.2016. Det er oppretta 60 % fast stilling frå 2. halvår 2016 jfr. vedtak KST	Oppfølgt i samasvar med KST 152/15 Årsbudsjett 2016 pkt. 35

			152/15 Årsbudsjett 2016.	
KST 188/13	19.12.13	Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune 1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen ønsker å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv. 2. Planlegging og etablering skjer innafor gjevne rammer. 3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa. 4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene.	Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial. Rapport- Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune, periode 05.11.2014 - 31.12.2015 er klar for publisering november/desember 2016	Kvardagsrehabilitering er eit viktig satsingsområde for å leggje til rette for at pasienten kan ha lenger livskvalitet, og at strategien kan utsette behovet for tyngre tenester. Helse og omsorgssjefen legg fram sak om rapport for perioden 2014 - 2015, samt målsetting for den vidare satsinga.
KST 97/15	01.10.15	Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat 1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av. 2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg. 3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik: ☐ Momskompensasjon kr. 160.000 ☐ Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000 4. Volda kommunestyre er kjend med at a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av	Ombygging er klar til turnuslege tek til i stilling medio 2016. Ombygging knytt til oppstart av turnuslege var ferdigstilt til turnuskandidat tok til i stilling 01.09.2016.	

		<i>stillinga som turnuslege i eksisterande driftsform ved legesenteret.</i> <i>b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er sprengd. Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.</i> <i>5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekkja sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivareta på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.</i>		
KST PS 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 31 <i>Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.</i>	Arbeidsmiljøprosess er igong og vil pågå 1. halvår 2016. Det er tildelt midlar gjennom NAV arbeidslivssenter. Prosessen vert følgt opp i etterfølgjande handlingsplanar som vert forankra både hos leiinga og dei tillitsvalte.	Rapport etter arbeidsmiljøprosessen vil kome i november 2016. Einingsleiarane, verneombod og plasstillitsvalte har inngått avtale om handlingsplanar for den enkelte eining med tiltak og fristar for gjennomføring. Personalavdelinga har i samarbeid med sektoren sett i gang opplæringstiltak og tiltak retta mot leiarutvikling. Rådmannen vil setje i gang ein prosess på overordna nivå i

				sektoren frå midten av november og ca eit 1/2-år framover i tid
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 35 <i>Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.</i>	Vurdering vil bli gjort. Bustadkoordinatorer i 60 % stilling som bustadkoordinator og i tillegg 20 % stilling sakshandsamar innan anna område ved tildelingskontoret. Sektoren fann ikkje rom for å auke bustadkoordinatorstillinga til 80% innan ramma.	

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift/aktivitet
KST 165/12	20.12.12	Kinodrift: Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014.	Dette vert vurdert i samanheng med Campus-prosjektet	Statsbygg startar opp eit skissprosjekt der HVO og Volda kommune har inngått intensjonsavtale om fleirbrukssal inkl kino-/kultursal. Det er venta å få fram prosjektet til sommaren 2017.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 – pkt. 33 - kinodrift <i>Volda kommunestyre ber rådmannnen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare.</i>		
FUNK 18.5.15	18.5.15	Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemer. Dette for å få ei større bredde.	Kommunalt råd for funksjonshemma blei oppnevnt av kommunestyret 26. mai 2016. Saka om evt. utviding av antal medlemmer vil bli handsama på kommunalt råd for funksjonshemma sitt første møte.	Saka vil bli handsama i Kommunestyret i haust.
PS 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 30 <i>Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenopprett.</i>	Adm. har starta arbeidet med å lage ei sak på dette.	(uendra)
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 43 <i>Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben</i>	Det vil verte lagt fram sak på dette. Rådmannen stiller spørsmål ved om det bør gjerast ei breiare vurdering av ungdomstilbod for urgansierte ungdom, og om dette bør vurderast utover det å skaffe lokale til ein ungdomsklubb, og at dette vert sett opp mot kommuneplanen sine mål og strategiar i ein litt vidare samanheng. Det vil verte ein tverrfagleg gjennomgang på dette før ein kjem attende til sak til politisk nivå.	Saka vil vere klar til handsaming i oktober 2016
KST 77/16	16.06.16	Kulturminneplan <i>1. Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe.</i> <i>2. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:</i>		Prosjektgruppa har hatt sitt 1. møte. Held på å planlegge oppstartsmøte.

		<i>Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad:kr 100 000,-</i> <i>Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond) kr 40 000,-</i> <i>Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service kr 60 000,-</i> <i>Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreiinga</i>		
PS 99/16	25.08.2016	Grendautvala 2016 <i>Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.</i> <i>Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.</i>		

Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/Rådmannen	Framdrift/aktivitet
KST 5/13	31.01.13	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016	For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløyising og skjøn må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøn kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osv. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast.	Det er lyst ut anbod på prosjektet. Prosjektet vert vesentleg dyrare enn det som er lagt inn i budsjettet, og oppstart er betinga av at tilleggsløyving vert innarbeidd i 2017-budsjettet.
Forv 36/15	12.5.15	Prisoversikt for kostnad på grunninnløyising og skjønnsrett for skulebakken på Lauvstad. Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak.	Sak om godkjenning av avtale var i møtet 4. oktober. Skjøn vert til våren	
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 - pkt. 28 <i>Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17</i>	Prosessens med å førebu grunnnerverv er starta opp.	
KST 123/15	26.12.15	Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning <i>1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.</i> <i>2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.</i> <i>3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er</i>	Det vart klaga på oreigningsvedtaket, Grunneigar fekk ikkje medhald i klaga. Skjønsegjering er sendt frå	

KST 17/16	09.02.16	<i>halde skjøn.</i> <i>4. Volda kommune krev skjøn.</i> 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor. 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.	kommuneadvokaten. Skjønnet vert over jul ein gong. (ikkje fastsett) Skal søkje Fylkesmannen om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde	
FSK 35/15	03.03.15.	Fusjonsplan destinasjonsselskap Viset Sunnmøre & Nordfjord: Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum.	Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettsaka 17.12.15: <i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i> Administrasjonen har bede Volda Næringsforum ei avklaring på korleis næringsforumet prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS. Kommunen er utmeld frå DÅS pr. 01.01.2016. Har sak i k.styret 16.06.16 om omdisponering av midlane for 2016 (Jfr. sak 2015/2312)	
FSK 93/15	9.6.15	Kjøp av friluftsområde – Andaneset 1. Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedeplanen avsette friområdet på Andaneset. 2. Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.	Det er gitt tilsagn om midlar til innløyning, og det har vore lagt fram sak om godkjenning av avtale og finansiering av kommunen sin eigenandel til innløyning.	
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett – pkt. 21. - DÅS <i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som</i>	Volda Næringsforum har fått tilsagn om midlane for å utvikle ein lokal destinasjon. Prosjektet skal evaluerast.	

		<i>destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i>		
KST 91/16	28.06.2016	Kommunereforma endeleg vedtak 1.Under føresetnad av tilslutning frå Hornindal kommune skal under kulepunkta i avsnitt 2 tilføyast: a. Den samanslåtte Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målretta for å ha best mulig kommunikasjonar over fjorden til bygdelaga på sør og vestsida av Voldsfjorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best mulig vis til ei kvar tid. 2.Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale med Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016. 3.Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4. 4.Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune. 5.Volda kommune vil i samband med kommunereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre offentlege tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling. 6.Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med		Det vert lagt fram sak for formannskap og kommunestyre i oktober med sikte på å opprette fellesnemnd for Volda og Hornindal. Det er underliggjande at det politisk vert vurdert om det skal takast nye initiativ overfor Ørsta kommune.

		<i>Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde eller Stortinget kjem med andre føringar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nye forhandlinger med Ørsta kommune.</i> <i>Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemda som innspel til det vidare arbeidet.</i>		
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 22 - Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjeret av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.	Arbeidsgruppa er nedsett og kome i gang med arbeidet.	
KST 11/16	19.01.16	Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten	Kommunestyret har vedteke at prosessnotatet frå arbeidsgruppa vert å legge til grunn for års- og økonomiplanarbeidet	
FSK 55/16	15.03.16	Val av arbeidsgruppe.	Det er innhenta KOSTRA-analyse frå KS Agenda.	
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 31 Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.	Dette er eit verbalvedtak som ev vert å materialisere i seinare budsjett og økonomiplan.	Vert å vurdere for 2017
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 34 a) Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvika i år 2019." Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.	Det vert synt til økonomiprosessen i 2016 og kommunestyret sitt vedtak om føringar og prinsipp for komande budsjett- og økonomiplan, jfr K-sak 107/16.	

		<i>b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.</i>		
Drift 26/16	11.05.16	Notat politisk organisering driftsstyret Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda. Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen. 1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg 2: Kvart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara 3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra 4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda 5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017 6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag	Det er gjort vedtak. Medlemer må velgast og sak om fullmakt og delegering må fremjast. Administrasjonen er pressa, og det kan hende at dette må utsetjast til etter nyttår.	
KST 95/16	25.08.16	1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval: <i>a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)</i> <i>b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK)</i> <i>Utvala skal ha sju medlemer pluss varamedlemer I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til</i>		

KST 96/16	25.08.2016	<i>Forvaltningsutval. Endringa skjer frå 01.01.2017</i> <i>2.Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.</i> Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling. Dette bør sjåast i samanheng med komande handlingsplanperiode 2017-2020 for kommunen sin klimaplan.	Vedtak er gjort og oversendt Einingane og innkjøpssamarbeid	
KST 82/16	16.06.16	"Destinasjon Volda" 1.Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum. Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei	Prosjektet er sett i verk. Formannskapet har oppnemnd kommunen sine medlemmer i nemnda. Saka vil bli fulgt opp av administrasjonen	

